



Bernt Johan Husebø
Husebøvegen 54
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1374 - 19/13570

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
18.06.2019

Melding om lekkasje frå og manglande dykk i septiktank - GBNR. 54/1

Meland kommune er forureiningsmynde etter Forurensingslova (forurl.) og har plikt til å følgje opp meldingar om mogleg forureining eller fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med Forurensingslova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forurl. § 7.

Meland kommune har 04.06.2019 motteke melding frå Norva24 Vest AS om lågt nivå i og lekkasje frå septiktanken på eigedommen din, og at tanken manglar dykk i utløpet. Ved lekkasje frå septiktank renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Tilstanden må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken, som i følgje Norva 24 Vest AS vil bli utført i perioden april til juli 2021. Det vil det ikkje bli gitt forlenging av denne fristen etter at tanken er tømt i 2021.

For å få utbetra septiktanken må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak eller foretak som har ansvar for tømning av tanken din. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølve utføre dette arbeide.

Dersom lekkasjen allereie er utbetra ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagte skjema.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurderer å gje pålegg om utbetring, jf. forurl. § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forurl. § 73.

Tilbakemelding

Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sendes til:

- postmottak@meland.kommune.no eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 54-1 Skjema for tilbakemelding

Mottakere:

Bernt Johan Husebø

Husebøvegen 54 5917

ROSSLAND